



Vigsling av kyrkjegard

1 Før ein kyrkjegard vert teken i bruk, skal han vigslast.

2 Vigsling av kyrkjegard vil seia at det ved Guds ord og bøn vert gjort i stand for kristen gravferd på eit avgrensa areal, opparbeidd og ferdigstilt for gravlegging.

3 Kyrkjegard som er stelt til ved nybygd kyrkje, vert ikkje vigsla særskilt, men saman med kyrkjuhuset/-rommet. Ordninga for kyrkjevigsling får då eit tillegg i ledd 12 – Kyrkjelyden si forbønn og i ledd 14 - Slutningsord.

4 Dersom det vert lagt kyrkjegard til ei kyrkje som alt er vigsla, skal kyrkjegarden vigslast særskilt.

Tilleggsareal til tidlegare vigsla kyrkjegard skal og vigslast. Om det er mogleg, bør ein då innleia handlinga med at forsamlinga går i prosesjon frå den gamle til den nye delen av kyrkjegarden.

5 Før vigslinga skal prosten be om ei skriftleg fråsegn frå soknerådet (fellesrådet) om at kyrkjegarden er opparbeidd i samsvar med godkjende planar.

Vigslinga vert utført av prosten, eller - når han ikkje er til stades - av soknepresten eller den presten som biskopen gjev oppdraget til. Prosten avgjer kven som elles skal medverke ved vigslinga.

6 Der kyrkjegarden ligg ved ei kyrkje, skjer vigslinga etter ei gudsteneste. Der dette av geografiske omsyn ikkje fell naturleg, kan vigslinga leggjast til eit anna tidspunkt.

Unntaksvis kan vigslinga skje i samanheng med den første gravferda/urnenedsetjinga.

Kunngjering om vigsling skjer i god tid på førehand, og særskilt ved gudstenesta nærmaste søndagen i førevegen i den kyrkja/dei kyrkjene som kyrkjegarden er knytt til.

7 Til vigslinga skal særskilt innbydast kyrkjegardsbetjeninga, andre tilsette i kyrkjelyden og representantar for soknerådet, fellesrådet og kommunen.

Fastsett av Kyrkjemøtet 1993.

Bibeltekstane er henta frå Den norske bibelselskapets oversettelse frå 2011.

1 | Salme

2 | Inngangord

Prosten | I namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande. Herrens apostel seier: «Alle ting vert helga ved Guds ord og bøn.» Slik vil vi i dag vigsla denne (namnet vert nemnt) kyrkjegard til ein kvilestad for dei som har sovna inn, og til ein stad for fred og ettertanke for oss som enno lever.

3 | Skriftlesing

Der tilhøva ligg til rette for det, les ein tre av dei følgjande tekstane, ein frå kvar tekstgruppe. Tekstlesarar kan vere presten/-ane i kyrkjelyden, representantar for soknerådet eller ein av kyrkjegardsarbeidarane. Det kan syngjast eit salmevers mellom lesingane.

Prosten | Lat oss høyra Guds ord om døden og oppstoda!

Tekstgruppe 1

Anten A

Herre, du har vore ein bustad for oss
i slekt etter slekt.
Før fjella vart fødde,
før jorda og verda vart til,
frå æve til æve er du, Gud.
Du lèt mennesket bli til støv att
og seier: «Menneskeborn, vend attende!»
For tusen år er i dine auge
som dagen i går då han fór framom,
eller som ei nattevakt.
Du skyl dei vekk som ein søvn om morgonen.
Dei er lik graset som svinn bort.
Det blømer om morgonen, så svinn det bort.
Om kvelden visnar det og tørkar inn.
Lær oss å telja våre dagar
så vi kan få visdom i hjartet!

SALME 90,1-6 OG 12

Eller B

Det står skrive i Salmane, Salme 103:

Som ein far er mild med sine born,
er Herren mild med dei som fryktar han.
For han veit korleis vi er skapte,
han kjem i hug at vi er støv.
Dagane mennesket får, er som gras,
det blømer som blomen på marka.
Når vinden fer over han, er han borte,
staden han stod på, veit ikkje lenger av han.
Men Herrens miskunn er frå æve til æve
over dei som fryktar han.
Hans rettferd når til barneborn,
til dei som held hans pakt
og kjem i hug hans bod,
så dei følgjer dei.

SALME 103,13-18

Eller C

Det står skrive i Jobs bok i det 19. kapitlet:
Eg veit at min utløysar lever.
Som den siste skal han stå fram i støvet.

JOB 19,25

Eller D

Det står skrive hjå profeten Jesaja i det 26. kapitlet:
Dine døde skal bli levande,
mine lik skal stå opp.
Vakna og rop av fryd,
de som ligg i støvet!
For di dogg er ei dogg av lys,
og jorda gjer daudingar levande.

JES 26,19

Tekstgruppe 2

Anten A

Det står skrive hjå evangelisten Markus i det 15. kapitlet:
Det var førebuingdagen, som er dagen før sabbaten, og det leid alt mot
kveld. Josef frå Arimatea, ein høgt akta rådsherre som sjølv venta på Guds rike,
tok då mot til seg og gjekk til Pilatus og bad om å få Jesu kropp. Pilatus undra seg
over at Jesus alt var død. Han kalla til seg offiseren og spurde om han hadde vore

død lenge. Då han fekk dette stadfest av offiseren, lét Pilatus Josef få liket. Josef kjøpte eit linklede, tok Jesus ned og sveipte han i det. Han la han i ei grav som var hoggen ut i bergveggen, og rulla ein stein framfor gravopninga. Maria Magdalena og Maria, mor til Joses, såg kvar han vart lagd.

MARK 15,42-46

Eller B

Det står skrive hjå evangelisten Lukas i det 7. kapitlet:

Kort tid etter gav Jesus seg i veg til ein by som heiter Nain. Læresveinane og mykje folk var med han. Då han nærma seg byporten, vart ein død boren til grava. Han var einaste sonen til mor si, og ho var enkje. Mykje folk frå byen var med henne. Då Herren såg enkja, fekk han inderleg medkjensle med henne og sa: «Gråt ikkje!» Han gjekk borttil og la handa på båra. Då stansa dei som bar. Så sa han: «Du unge mann, eg seier deg: Stå opp!» Då sette den døde seg opp og tok til å tala, og Jesus gav han til mor hans. Då vart alle fylte av ærefrykt; dei lova Gud og sa: «Ein stor profet har stige fram hos oss, og Gud har gjesta sitt folk.»

LUK 7,11-16

Eller C

Det står skrive hos evangelisten Johannes i det 14. kapitlet:

Fred etterlèt eg dykk, min fred gjev eg dykk. Eg gjev dykk ikkje fred på same måten som verda gjer det. Lat ikkje hjartet dykkar uroast, og ver ikkje motlause!

JOH 14,27

Eller D

Det står skrevet hos evangelisten Johannes i det 11. kapittel:

Då sa Jesus til henne: «Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som lever og trur på meg, skal i all æve ikkje døy. Trur du det?»

JOH 11,25-26

Tekstgruppe 3

Anten A

Det står skrive i Paulus' fyrste brev til kyrkjelyden i Korint, i det 15. kapitlet:

Men no kunne nokon seia: «Korleis står dei døde opp? Kva slag kropp har dei?» Å, uvituge menneske! Det du sår, gjev ikkje nytt liv utan at det døyr. Og det du sår, er ikkje det akset som veks opp, men eit nake korn, anten det er av kveite eller av anna såkorn. Men Gud lét det få den skapnad som han har vilja, kvart slag korn sin eigen skapnad.

Slik er det òg med oppstoda frå dei døde. Det som blir sådd, er forgjengeleg. Men det som står opp, er uforgjengeleg. Det blir sådd i vanære, det står opp i herlegdom. Det blir sådd i vanmakt, det står opp i kraft. Det blir sådd ein kropp som hadde sjel, det står opp ein åndeleg kropp.

1 KOR 15,35-38 OG 42-44A

Eller B

Det står skrive i Paulus´ fyrste brev til kyrkjelyden i Korint, i det 15. kapitlet: For basunen skal lyda, og dei døde skal stå opp uforgjengelege, og vi skal bli omskapte. For dette forgjengelege må bli kledd i uforgjengelegdom, og dette dødelege kledd i udødelegdom. Men når dette forgjengelege er ikledd i uforgjengelegdom og dette dødelege er ikledd udødelegdom, då blir det ordet oppfylt som står skrive:

Døden er slukt og sigeren vunnen.

Død, kvar er din brodd?

Død, kvar er din siger?

Brodden i døden er synda, og krafta i synda er lova.

Men Gud vere takk som gjev oss siger ved vår Herre Jesus Kristus!

1 KOR 15,52B-57

Eller C

Det står skrive i Paulus´ brev til Romerne, i det 14. kapitlet:

For ingen av oss lever for seg sjølv, og ingen døyr for seg sjølv. Lever vi, så lever vi for Herren, og døyr vi, så døyr vi for Herren. Anten vi då lever eller døyr, høyrer vi Herren til.

ROM 14,7-8

Eller D

Det står skrive i apostelen Peters fyrste brev, i det 1. kapitlet:

Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde.

1 PET 1,3

4 | Tale

Her kan prosten halda ein stutt tale over eit av dei skriftorda som står ovanfor, eller over ei fritt vald tekst.

5 | Bøn

Prosten | Lat oss be.

Anten A

Evige allmektige Gud.

Vi overgjev denne (**namnet kan nemnast**) kyrkjegard til deg, og ber om ditt vern over kyrkjegarden, slik at våre døde kan kvile i fred til du kallar dei fram på oppstodedagen. Vaka over han, og lat det vera ein heilag stad for dei som søker hit, og for dei som arbeider her.

Heilage Gud, himmelske Far, du råder over liv og død. Når vi skilst frå våre kjære, styrk oss då i trua, så vi også ved grava kan vona på deg.

Herre Jesus Kristus, du trufaste Frelsar, som gjekk gjennom død og grav for oss, bli hos oss i vår siste naud. Du som er oppstoda og livet, vekk oss opp til evig liv. Du som er Frelsar og Herre for din kyrkjelyd, gjev at vi ein gong samlast med deg og alle dine i din Fars hus.

Heilage Ande, du høgste trøstar i liv og død, fyll alle sørgjande hjarto med di guddomelege trøyst. Fri oss frå åndeleg død, drag alle til deg, og gjev at vi må ha vår skatt i himmelen.

Eller B

Evige, allmektige Gud, du som åleine er Herre over liv og død.

Vis oss livsens veg, når døden tek våre kjære frå oss.

Vis oss vona sin vei, når sorg og sakn fyller hjarto våre.

Vis oss kjærleikens veg, så lenge vi er saman på jorda.

Vis oss trua sin veg, så lenge det heiter i dag.

Ver nær på denne staden/**(namnet kan nemnast)** kyrkjegard med ditt vern og din fred.

Ved Jesus Kristus, din son, vår Herre.

A | Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

**For riket er ditt og makta og æra i all æve.
Amen.**

6 | Slutningsord

Prosten | Kjære kyrkjelyd!

Ved Guds ord og bøn er denne (namnet vert nemnt) kyrkjegard no vigsla og helga til ein kvilestad for dei som har sovna inn, og til ein stad for fred og ettertanke for oss som enno lever. Fred vere over denne kyrkjegarden til oppstodedagen!

I namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

7 | Salme

Ein høveleg salme, helst ein påskesalme.

Dersom handlinga skjer i samband med gravferd, følgjer jordpåkasting og avslutning, sjå «Kyrkjelege handlingar».

Dersom vigslinga ikkje skjer i tilknytning til ei gudstenste eller i samband med ei gravferd, kan den aronittiske velsigninga nyttast her.

Tillegg

Når kyrkjegard vert vigsla samtidig med vigsling av kyrkje, kjem dette tillegget til «Kyrkjevigsling» (jfr Gudstenestebok for Den Norske Kyrkje, del II)

Som ny del tre under FORBØN kjem dette inn:

Herre, du evige Gud. Til deg overgjev vi også kyrkjegarden, der våre døde skal kvile til dess du kallar dei fram på oppstodedagen. Lat den vera ein fredens stad, der dei sørgjande finn trøyst og vi vert styrkte i vona om det evige liv i trua på Jesus Kristus.

Som tekst under SLUTNINGSDORD gjeld:

Kjære kyrkjelyd.

Dette kyrkjehuset, med alt som høyrer det til, er no teke i bruk. Ved Guds ord og bøn er det vigsla og helga til Guds ære og til oppbygging for hans kyrkjelyd i trua på Jesus Kristus. Fred vere med dette huset og med alle som går inn i det.

Kyrkjegarden omkring denne kyrkja er og med dette også vigsla og helga til ein kvilestad for dei som har sovna inn, og til ein stad for fred og ettertanke for oss som enno lever. Fred vere over denne kyrkjegarden til oppstodedagen!

I namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

